

**Fra:** Matti Torgersen (Matti.Torgersen@hfk.no)  
**Sendt:** 11.02.2014 15:43:15  
**Til:** Ellen Strøm Synnevåg  
**Kopi:**

**Emne:** VS: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv  
**Vedlegg:**

-----Opprinnelig melding-----

Fra: regional@hfk.no [<mailto:regional@hfk.no>]  
 Sendt: 11. februar 2014 15:43  
 Til: Jon Erik Vollan; Matti Torgersen  
 Emne: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv

tiltak: Brubbyggjaren  
 sokjar: Øygarden Frivilligsentral  
 orgnr: 938766223  
 kontakt: Christel Møvik-Olsen  
 epost: post@oygarden.frivilligsentral.no  
 tlf: 56382023  
 kostnad: 81.000  
 SUMfinans: 41.000  
 soknadssum: 40.000  
 andre: Nei  
 andre2: Nei

budsjett: Tau til klatresystem og rapellering ved Pardalsmyra: 15.000,- Benk 2. stk: 6.000,- Balansesystem i naturen: 10.000,- Treningsapparat ved Steinsvatnet: 50.000,-  
 Finansiering: Dugnad Frivillige; 25.000,- Administrativ hjelp, Frivilligsentralen: 5.000,- Støtte frå Kulturkontoret: 5.000,- Støtte frå Folkehelsegruppa i Øygarden: 6.000,-  
 skildring: I brubbyggjaren er fysisisk aktivitet blant fysisisk inaktive hovudfokus.

I brubbyggjaren samarbeider Frivilligsentralen med NAV og Toft nærmiljøutvalg om aktivitets- og arbeidstrening. Frivillige ildsjeler har med seg deltakare frå nav på vedlikehald av turstier, tilrettelegging av balanseapparat langs turstien, møtepunkt og treningsstasjonar i naturen.

Gjennom brubbyggjaren søker vi å koble fritida saman med samfunnsnyttig arbeid. For gjennom dette å bygge nye nettverk, bygge gode mestringsfølelser og vidareutvikle og styrke sjølvtillitten til den enkelte.

Målgruppa er todelt, den eine gruppa er dei som er deltakare gjennom nav og som får aktivitetstrening i tiltaket, det er; mottakar av sosialhjelp, rusavhengige med tilfredstillande rusmestring. Personar som har avslutta soning i fengsel, flyktningar og ungdommer i faresonen.

Den andre målgruppa er retta mot born og unge, vi trur at ved å tilrettelegge for fleire klatreaktivitetar ved Pardalsmyra, vil bornefamilier lettare kunne få born og unge med på tur. Ved å rigga til balanseløype på Blomøy vil unge og gamle more seg langs etter løypa. Vi har ein turgruppe for seniorer i Øygarden som ønskjer seg ein benk ved bølgekraftverket.

maal: Delmål: Fremje fysisisk aktivitet blant fysisisk inaktive, ved å direkte bidra til arbeid ute i naturen og tilrettelegging for bruk av naturen. Struktur i kvardagen, sosial trening og kvardagsmestring. Gjennom dette veit vi at vi fremmer utjamning av sosiale skilnader i aktivitetsvanar og helse.

Hovudmål: Auka livskvalitet og kvardagsmestring, få styrka sitt positive sosiale nettverk gjennom deltaking i ulike aktiviteter. Deltakarane frå nav er gode ambassadører i arbeide direkte på turstiene, ved at dei får stå ansvarleg for eit arbeid som både er fysisisk og psykisk godt. Så kan dei stolt fortelje kjentfolk kva dei har bidratt med.

Samtidig benytter faste turgrupper dei ulike turmåla aktivt og ønskjer seg direkte dei tiltaka vi vil sette igong. Å rigge opp turstiane til å inneha fleire fokuspunkt undervegs veit vi hjelper til motivering for tur.

gjennomføring: Frivilligsentralen har jobba med å få til ein møteplass mellom frivillige med gode holdningar knytt til samfunnsansvar og brukara av NAV som av ulike grunner trenger arbeidstrening, sosial trening og stimulering. I 2012 -2013 etablerte Frivilligsentralen ein slik møteplass gjennom prosjektet knytt til merking og vedlikehald av turstiane. Deltakarane som har blitt sendt frå NAV har opplevd ein auka livsglede, auka sjølvtilitt og mestringsevne, samt betre fysisisk form etter turstiarbeidet. Dei har og blitt bevisstgjort på gode holdningar knytt til arbeidsliv.

Nokre av deltakarane har fått ordinær jobb, ein har byrja på skule, medan andre er framleis på arbeidstreningstiltaket. Vi jobber saman med frivillige om å knytte saman fleire tiltak; tilrettelegging av turstier med treningsstasjonar, balanseløyper og møtepunkt i naturen, samt deltaking i Frisklivsentralens og Frivilligsentralens treningsgrupper. Dei frivillige i prosjektet er svært motivert til å tilrettelegge for desse stasjonene i naturen. Deltakarane frå NAV gleder seg til å kunne starte sesongen 2014 med arbeid ute.

Det vidare strukturelle folkehelsearbeidet er oppfølging av uoffisielle og offisielle turgrupper. I 2014 jobber vi med å få samla dei gode kreftene med sikte på å starte opp Barnas turlag.

samarbeid: Toft nærmiljøutvalg bidrar med frivillige i arbeidet ute på naturstiene i kommunen. NAV bidrar med deltakere som har ein motivasjon for å delta på arbeid ute i naturen. Frivilligsentralen koordinerer og følgjer opp med motivasjonssamtaler og oppfølgingssamtaler inn mot Frivilligheten. Frivillige, NAV og Frivilligsentralen har faste møter kor vi fortløpende tar opp saker.

spesifiser: